

Til adresseliste

Vår dato: **17 JAN 2014**

Vår ref.: 200806553-16, 200806624-10, 200806733-12,
201102933-9, 201103326-12, 201306949-5, 200902920-
14, ksk/rmo og ksk/sosb

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Solveig Silset Berg 22 95 93 25

Rune Moe 22 95 93 15

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar, Sogn og fjordane – høyring

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å bygge seks småkraftverk i Jølster kommune og eitt i Gloppen kommune. Saka i Gloppen kommune er med i samla handsaming med Jølster grunna geografisk nærleik til dei resterande prosjekta. Søknadene skal handsamast samstundes og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakane samla.

Øvrebø kraftverk – Øvrebø Kraftverk AS – Jølster kommune

Kraftverket vil nytte fallet i Hegreneselva/Jølstra i Ålhusdalen og Godtdalen mellom inntaket på kote 523 og kraftstasjonen på kote 327 moh. Det er planlagt røyrgate i nedgraven/ nedsprengt grøft over ei strekning på 1310 m. Røyrkata skal krysse elva. Eksisterande skogsbilveg og traktorveg skal nyttas til å etablere røyrkata. Det er behov for 100 m ny permanent veg til kraftstasjonen og 120 m ny veg til inntaket. Middelvassføringa er 990 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2000 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,2 MW og etter planane gje ein produksjon på 10,2 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 77 l/s heile året. Frå eksisterande 22 kV line skal det byggast ei 1800 m lang luftline til kraftverksområdet.

Helgheim kraftverk – Helgheim Kraft (SUS) – Jølster kommune

Grunneigarane vil nytte fallet i Helgheimselva mellom kote 469 og kote 214. Inntaket er planlagt med ein 25 m lang og 3 m høg sperredam i elveløpet. Tilløpsrøyrret har diameter 900 mm og vert nedgrave i heile si lengd på 1300 m. Røyrkata vil gå gjennom skog, og vidare nedover dyrka mark til kraftverket. Kraftstasjonen skal plasserast på oppsida av E39/Rv5 ved Helgheim Kyrkje ved Jølstravatnet på kote 214. Det er òg planlagt ei overføring (ca 300 m) av Stølselva som kjem frå Husstøylen og over til inntaket i Helgheimselva. Det søkast om å oppgradere 140 meter eksisterande veg, og om å bygge ytterlegare ca. 140 m ny veg. Middelvassføringa er 780 l/s og største slukeevne er 1,3 m³/s. Installert effekt er på 3MW og årsproduksjonen er estimert til 7,4 GWh. Utbygginga vil føre til redusert

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575. Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

vassføring på eit 1,3 km langt elvestrekke. Det er planlagd slepp av minstevassføring lik 5-persentil på 45 l/s heile året.

Kupekraft kraftverk – Kupekraft (SUS) – Jølster kommune

Grunneigarane vil nytte fallet i Årdalselva mellom kote 778 og kote 340. Det er søkt om to alternative inntak: Eitt direkte i Stegsvatnet, og det andre i elva 150 m nedstams utløpet av Stegsvatnet. I begge alternativ er det søkt om å regulere Stegsvatnet innanfor naturleg vasstand, målt til 80 cm. Tilløpsrøyret har diameter 1,1 m og vert nedgrave i heile si lengd på 2,9 km på vestsida av dalen. For legging av røyr søkast det om ein midlertidig anleggsveg på ca. 3 km opp til inntaket. Det søkast òg om å bygge ei ny bru eit stykke nedanfor Legestøylen samt 200 m ny permanent veg i forbindelse med kraftstasjon på kote 340. Middelvassføringa er 1,2 m³/s og største slukeevne er 2,1 m³/s. Installert effekt er på 7,5 MW og årsproduksjonen er estimert til ca. 30 GWh. Utbygginga vil føre til ei redusert vassføring på eit 2,8 km langt elvestrekke. Det er planlagd slepp av minstevassføring lik alminneleg lågvassføring på 52 l/s heile året.

Åmot kraftverk – Åmot Kraft (SUS)/Tinfos AS – Jølster kommune

Kraftverket vil nytte fallet i Driva i Haugadalen mellom inntaket på høgde 480 moh og kraftstasjonen på høgde 300 moh. Det er planlagd røyrgate i nedgraven/ nedsprengt grøft over ei strekning på 1000 m. Det er behov for 70 m og 60 m ny permanent veg til høvesvis kraftstasjonen og inntak. Middelvassføringa er 2610 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 6,2 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 9,9 MW og etter planane gje ein produksjon på 28,0 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 500 l/s om sommaren og 156 l/s resten av året.

Paulen kraftverk – Paulen Kraft (SUS) – Jølster kommune

Paulen kraftverk vil nytte fallet i Storelva mellom kote 132 og kote 97. Inntaket er planlagd ved utosen av Paulsvatnet og det søkast om å regulere Paulsvatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon på 1 m totalt. Tilløpsrøyret har diameter 1,6 m og vert nedgrave i heile si lengd på 435 m, hovudsakleg i- eller langs eksisterande kommunal veg. Det vert søkt om bygging av 30 m ny veg i forbindelse med kraftstasjon. Middelvassføringa er 2,46 m³/s og største slukeevne er 4,8 m³/s. Installert effekt er på 1,4 MW og årsproduksjonen er estimert til 4 GWh. Utbygginga vil føre til ei redusert vassføring på eit 435 m langt elvestrekke. Det er planlagt å sleppe differensiert minstevassføring lik 5-persentilen som er berekna til 500 l/s om sommaren og 260 l/s om vinteren.

Driva kraftverk – Driva kraft (SUS) v/Tinfos AS – Jølster kommune

Kraftverket vil nytte fallet i Driva i Haugadalen mellom inntaket på kote 630 og kraftstasjonen på kote 480. Det er planlagd røyrgate i nedgraven/ nedsprengt grøft over ei strekning på 1500 m. Eksisterande veg på 1,6 km skal opprustast. Det er behov for 100 m ny permanent veg til kraftstasjonen. Det skal ikkje vere permanent veg fram til inntaket, all transport fram skal skje på barmark. Middelvassføringa er 2430 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 3,65 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,9 MW og etter planane gje ein produksjon på 17,8 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 500 l/s om sommaren og 151 l/s om vinteren

Neselva II kraftverk – Kleivafossen Kraft AS – Gloppen kommune

Kraftverket vil nytte fallet i Neselva på Nes/Ytre Kandal mellom inntaket på kote 380 og kraftstasjonen på kote 195. Vassvegen er 820 m lang og skal i øvre del gå i eksisterande stølsveg og er planlagd delvis sprengt i fjellgrøft og delvis i lausmassegrøft. Det er behov for å utbetre eksisterande jordbruksveg som

permanent adkomsveg til kraftstasjon på ei 200 m lang strekke. Middelvassføringa er 2,470 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,6 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,3 MW og etter planane gje ein produksjon på 20,55 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 200 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drifta av kraftverka med tilhørande koplingsanlegg og kraftline.

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadane med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og dei vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknadane, kan de ta kontakt med tiltakshavar for kvart enkelt prosjekt.


NVE ber dei aktuelle kommunane leggje to eksemplar av søknadane ut til offentleg ettersyn på kommunehuset på Skei og Spar Jølstraholmen på Vassenden i Jølster kommune og Heradshuset på Sandane i Gloppen kommune fram til **2.5.2014**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. NVE har utarbeida eit kart over alle kraftverka i regionen inkludert dei omsøkte kraftverka som no er på høyring, sjå vedlegg eller NVE sine nettsider.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft så snart som mogeleg og seinast innan **2.5.2014**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Solveig Silset Berg
overingeniør

Vedlegg: 5 Søknader
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark om sakshandsaming
 Adresseliste
 Oversiktskart